

Protokoll styremøte

Møtenummer : 12/2016-2018
 Dato : 11. desember 2017
 Klokka : 17.00- 20.00
 Stad : Idrettens hus , Førde

NAMN	TIL STADES	FORFALL	FRÅVÆR	IKKJE SAK NR:
Sandal, Nils R. (leiar)	X			
Heimdal, Arve (nestleiar)	X			
Helland, Ruth Sølvi	X			
Schøyen, Lilly	X			
Martine Viken	X			
1.vara Heien, Ingrid	X			
2.vara Grimseth, Stian		x		
Leversund, Anne, organisasjonssjef	X			
Erling Benjaminsen, økonomikonsulent	X			

Møteplan - neste styremøte:

Nytt frå administrasjonen- Orienteringssaker

Nytt sidan sist v //Styreleiar, organisasjonssjef.

Representasjon:

Styrelederforum , NIF, Ullevål	08.11.17	Anne Leversund
Nff Sogn og Fjordane . Fotballting , Førde	25-26.11.17	Arve Heimdal
Europacup kamp Fvbk , Førdehuset	29.11.17	Nils R Sandal /Anne/Ingrid

Leiar i valnemda Magne Knutsen deltok i styremøtet. Magne informerte om arbeidet i valnemda.

- 47 2016 - 2018 Protokoll frå møte 11/2016-2018
- 48 2016 - 2018 Økonomisk oversikt 2017
- 49 2016 - 2018 Budsjett 2018
- 50 2016- 2018 Møteplan 2018
- 51 2016- 2018 Rullering handlingsplan 2018-2020
- 52 2016- 2018 Regionaliseringsprosess Sogn og Fjordane og Hordaland IK

Sak 47 Protokoll frå møte 11/2016-2018

Vedtak: Protokollen er godkjent

Bakgrunn : Jfr protokoll frå idrettskrinsstyremøte nr 11/2016-2018

Sak 48 Økonomisk oversikt 2017

Vedtak: Teken til orientering .

Bakgrunn: Økonomisk oversikt pr 30.11.2017 samt stipulert resultat 31.12.17 vert lagt fram i styremøtet.

Sak 48 Budsjett 2018

Vedtak: Utkastet vert teken til orientering.

Bakgrunn : Første utkast til budsjett for 2018 vert lagt fram i møtet .Det første budsjettet kjem ut med eit resultat på kr 0. Administrasjonen jobbar vidare med budsjett. Endeleg budsjett , samt langtidsbudsjett vert lagt fram på første styremøte 2018.

Sak 50 Møteplan 2018

Vedtak: Møteplanen vert godkjent.

Bakgrunn : Framlegg til møteplan fram til idrettskrinstinget 2018.

Måndag	22.januar -18	Kl.18	Idrettens hus
Fredag/laurdag	2-3 februar-18	Bergen M/overnatting	(fellesmøte)
Måndag (event tlf.møte)	19.februar-18		
Måndag	12.mars -18	Kl.17.30	Skei
Fredag-laurdag	13-14.april 18	Sogndal hotell	Idrettskrinsting 2018

Sak 51 Rullering handlingsplan 2018-2020

Vedtak: Administrasjonen jobbar vidare med HP. Saka blir fulgt opp i neste SM

Bakgrunn : Administrasjonen har starta arbeidet med rullering av handlingsplanen for 2018-2019. I høve planar om regionalisering av idrettskrinsen frå 01.01.20 vert planperioden for planen endra. Administrasjonen legg fram første utkast til ny HP.

Sak 52 **Regionaliseringsprosess Sogn og Fjordane og Hordaland IK**

Vedtak: Idrettskrinsstyret vedtek å starte arbeidet med regionalisering av Sogn og Fjordane Idrettskrins og Hordaland Idrettskrets frå 01.01.2020. Styreleiar og nestleiar vert medlemmar i interimstyret .

Bakgrunn : Styreleiar og org sjef gjennomførte som kjent eit møte med styreleiar og org sjef i Hordaland 7.november 2017.
Det er beslutta eit fellesmøte med styra i dei to idrettskrinsane på Hotell Ørnen, Bergen fredag 2 og laurdag 3 februar 2018.
Leiaren i fellesnemda, Anne Gine Hestetun vert invitert til fellesmøte for å orientere om prosessen deira vidare . Det er foreslått å opprette eit interimsstyre som skal leie prosessen.
Det er viktig at dei tilsette involverast og at alle får god informasjon undervegs. Saka må formelt handsamast og forankrast på Idrettskrinstinget 14.april 2018.



Anne Leversund
Organisasjonssjef